

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

MØTEPROTOKOLL

Styre, råd, utvalg:	Møtested:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Grødem kyrkje	tysdag	
kirkelige fellesråd		10.03.-2025 Kl. 17.00	Møte nr. 02/2025
		OBS! Merk tida	

Til medlemmene i nye Randaberg kirkelige fellesråd:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Jakob Nærheim
Repr. Gr. Menighetsråd	: Ann-Christin H Hjelleset
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Eivind Kråvik - fast medlem fram til 1.nov.25
1. vararepr. Rb. MR	: Erling Tokheim
2. vararepr. Rb. MR	: Brigit Bø
1. vararepr. Gr. MR	: Trond Goa
2. vararepr. Gr. MR	: Anne-Grethe T Vistnes
Vararepr. valgt av kommunen	: Rune Øygard
Vararepr. valgt av biskop	: Sokneprest i Grødem kyrkje

SAKLISTE:

FR sak 11/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
FR sak 12/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11.02.2025	2
FR sak 13/2025 Budsjettforslag for 2025	2
FR sak 14/2025 Kontorlokale for RKF – Utsett frå sist møte	2
FR sak 15/2025 Utlysing/tilsetting av menighetspedagog/menighetsarbeidar - U.OFF3	
FR sak 16/2025 Beredskapsplan - samarbeid med Randaberg kommune	3
FR sak 17/2025 Orienteringar.....	3
FR sak 18/2025 Eventuelt.....	3
FR sak 19/2025 Årsrekneskap for 2024.....	4

Jakob Nærheim
Fellesrådsleiar

Solveig Mjøltnes Hatletvedt
Kyrkjeverje

FR sak 11/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Behandling:

Årsrekneskapen for 2024 er akkurat komen. Fellesrådet vil behandle sak om godkjenning av rekneskapen i dette møtet.

Vedtak:

Feil i saklista, FR sak 13/2025 Høring om Retningslinjer for tilskuddsforvaltning i DNK, den skulle ikkje vera med på saklista. Tilleggssak om Årsrekneskapen for 2024. Elles blei innkallinga og saklista godkjent.

FR sak 12/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11.02.2025**Forslag til vedtak:**

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 11.02.2025 blir godkjent

Behandling: Rett opp i protokollen til neste gong:

Sak 4 –7 var utsett frå neste møte.

Vedtak må ikkje stå når det ikkje er vedtatt

Nye saksnr

Saksutgreiinga treng ikkje stå i protokollen.

Vedtak: Godkjenning av protokollen blir utsett til neste møte

FR sak 13/2025 Budsjettforslag for 2025

Viser til sak 04/2025 som blei utsett frå sist møte.

Forslag til vedtak: Budsjettforslaget blir godkjent

Behandling:

Herbjørn og kyrkjevevja presenterte budsjettet for 2025. Det er lagt inn vedlikehald av Randaberg kyrkje – utvendig maling på 350 000 kr. Fellesrådet vil ein be om pengar frå testamentarisk gåve til Randaberg kyrkje og kommunen.

Det er lagt inn 180 000 kr for leige av kontorlokale i sentrum.

Stillinga som vaktmeiser i Grødem er tatt ut av lønsutrekninga. Asbjørn Thorsen er leigt inn kom vaktmeister i Grødem omlag 5t/v. Det er lagt inn i budsjettposten for Konsulenttenestar. Det er laga eit svært stramt budsjett.

Vedtak: Budsjettet for 2025 blei godkjent

FR sak 14/2025 Kontorlokale for RKF – Utsett frå sist møte

Viser til sak 05/2025 som blei utsett frå sist møte

Forslag til vedtak: RKF har som mål å samordne stabane i Randaberg og Grødem på sikt.
Kjerneoppgåvene til kyrkja er utadretta verksemd.

Kyrkjeverja blir beden om å arbeide vidare med saka om samordning og samlokalisering for å finna ei løysing som tar vare på kjerneoppgåvene til kyrkja og på same tid gjera budsjettet berekraftig i åra framover.

Behandling: Saka blei drøfta i sist møte og det var ingen nye punkt som kom opp.

Vedtak:

RKF har som mål å samordne stabane i Randaberg og Grødem, på sikt.

Kjerneoppgåvene til kyrkja er utadretta verksemd.

Kyrkjeverja blir beden om å arbeide vidare med saka om samordning og samlokalisering for å finna ei løysing som tar vare på kjerneoppgåvene til kyrkja og på same tid gjera budsjettet berekraftig i åra framover.

FR sak 15/2025 Utlysing/tilsetting av menighetspedagog/menighetsarbeidar - U.OFF

Viser til sak 06/2025 som blei utsett frå sist møte

FR sak 16/2025 Beredskapsplan - samarbeid med Randaberg kommune

Viser til sak 07/2025 som blei utsett frå sist møte

Forslag til vedtak: Fellesrådet tar saka til orientering

Behandling: Samarbeidsavtalen med Randaberg kommune om beredskap er i slutfasen. Den vil bli underskriven i løpet av eit par veker.

Vedtak: Fellesrådet tar saka til orientering

FR sak 17/2025 Orienteringar

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

- a. Personalsituasjonen
- b. Rådssamling på Statens hus 29/3-2025
- c. Grødem kyrkje 25 år - feiringar
- d. 7-9/11 900 års festhelg for Tungenes prosti i Sola kyrkje
- e. Sponsing av benker til kyrkjegarden i Randaberg
- f. Overgang til trådløst internett i Randaberg kyrkje
- g. Innleige av vaktmeister i Grødem
- h. Neste Fellesrådsmøte 27. Mai i kontorlokala i sentrum

Vedtak: Sakene blir tatt til orientering

FR sak 18/2025 Eventuelt

Saka gjeld:

Saker til eventuelt foreslåast ved starten av møtet.

Vedtak: Ingen saker blei meldt

FR sak 19/2025 Årsrekneskap for 2024

Forslag til vedtak: Årsreknskapen blir godkjent

Behandling:

Det blei lagt fram ein ryddig oppsett på årsrekneskap frå Aider.

Fellesrådet vil be om at det blir laga note på moms som forklarer avviket som momsinntektene og momsutgiftene utgjør mellom budsjett og rekneskapen. Eller ein kan budsjettere med momsinntekter og momsutgifter. Det mest vanlege er å budsjette momsen

Positivt med eit årsrekneskap som klart i mars.

Årsrekneskapen med noter blir sendt ut til Fellesrådet før signering.

Vedtak: Fellesrådet godkjenner rekneskapen, under forutsetninger om at det blir utarbeida noteopplysning om budsjettavviket på momskompensasjon eller at momsen blir budsjettert i budsjetta framover.

Meirforbruket på 335 900 kr på investeringrekneskapen blir dekket av mindreforbruket frå driftsrekneskapen.

Dei resterande 404 895 kr av mindreforbruket på driftsrekneskapen blir ført til ubundne fond.